

# MØTEINNKALLING

---

Utval: **FORMANNSKAPET**  
Møtestad: **Formannskapssalen**  
Møtedato: **22.02.2010** Tid: **08.30**

---

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.  
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

## SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
16/10	09/211	<b>Kommunale næringsfond 2009 - årsrapport</b>
17/10	10/127	<b>Revisjon av vedtektene for næringsfondet</b>
18/10	10/30	<b>Endra reguleringsplan for del av Bamatomta - utlegging til offentlig ettersyn</b>
19/10	09/585	<b>Hatlebakkane 2-4 (gamle sjukeheimen) – sal for ombygging til bustader</b>
20/10	09/311	<b>Bustadhus og garasje Lundevegen 52</b>
21/10	09/691	<b>Søknad om konsesjon - Ruud</b>
22/10	10/122	<b>Lokal forskrift om frist for spreing av gjødselvarer av organisk opphav</b>
23/10	04/677	<b>Driftsavtale mellom De Heibergske samlinger - Sogn Folkemuseum og Leikanger kommune 2010-2014</b>
24/10	06/740	<b>Søknad om tilskot til oppsetjing og vidareutvikling av Fridtjovspelet</b>
25/10	10/126	<b>Orienteringar</b>

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Kommunale næringsfond 2009 - årsrapport

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/211

---

Arkiv: 243 U01

**Sak nr.:** Utval  
16/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap sluttar seg til rådmannen si vurdering.**

**Formannskapet hadde sett det som ynskjeleg om storleiken på dei tildelte midlane hadde vore auka med 50%, slik at det hadde vore større rom for satsing på kommunale utviklingsprosjekt.**

#### DOKUMENT:

- Oversikt, søknader og tildeling (vedlagt)
- Brev av 24.01.10 frå fylkeskommunen (vedlagt)

#### SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune fekk tildelt 590.000 kr til næringsfondet i 2009. Denne summen vart tildelt i alt 17 søkarar. 15 søkarar fekk avslag. Eitt av vedtaka vart påklaga. Formannskapet auka ved klagehandsaming tilskotet til klagaren med 10.000 kr.

32 % av midlanen vart tildelt ei bedrift og to forretningar i samband med flytting til Saften i sentrum. 4 % gjekk til profileringsavis i samband med opninga av Saften.

21% gjekk til utviklingstiltak for seks verksemder, to nye og fire eksisterande.

17% vart tildelt til gjestebrygge, eit fellestiltak i regi av Leikanger Båtlag.

9 % vart tildelt dei tre fellesarrangementa i kommunen, Kjeringi Open, Sognefjord Symjefestival og Fruktbare dagar.

9 % vart brukt til ei ekstra satsing på bustadformidling i regi av Leikanger Næringshage.

5 % vart tildelt Askedalen Barnehage AS med mange nye kvinnearbeidsplassar.

3 % gjekk til Forsøksringen Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen har krav om politisk handsaming av årsrapporten saman med ei vurdering av strategiar for næringsutvikling, tiltaksapparatet, retningslinene og bruken av næringsfondet i høve mål og tiltak i plandokumentet.

***Rådmannen si vurdering:***

Summen som vart tildelt gjorde det mogeleg for kommunen å yta eit vesentleg bidrag til ein flytting av bedrifter og forretningar til sentrum. Dette er fullt ut i tråd med målsetjinga om å styrka sentrum i framlegget i kommuneplan for 2008-16.

Retningslinene er så pass fleksibelt utforma at dei gir rom for å gi støtte til dei fleste søknadane kommunen mottek..

Tiltaksapparatet i kommunen ligg til rådmannskontoret, delt mellom rådmann og nærings- og utviklingssjef. Dette gir god tilknytning til den overordna planlegginga i kommunen. Saksutgreiingane med tilråding gir formannskapet som fondsstyre ein god bakgrunn for sine avgjerder.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Revisjon av vedtektene for næringsfondet

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 10/127

---

Arkiv: 243 U01

Sak nr.:	Utval	Møtedato
17/10	Formannskapet	22.02.2010
/	Kommunestyret	15.04.2010

### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap vedtek å senda framlegg til reviderte vedtekter for næringsfondet i Leikanger ut på høyring.**

### DOKUMENT:

- Framlegg til reviderte vedtekter (vedlagt)
- Gjeldande vedtekter (vedlagt )

### SAKSUTGREIING:

Det er lenge sidan vedtektene sist vart reviderte. Det har etter kvart etablert seg praksis som gjer at deler av vedtektene ikkje er aktuelle lenger.

I 2010 er saksførebuinga lagt til Leikanger Næringshage. Det er av den grunn òg aktuelt å ajourføra vedtektene.

Endringane er stort sett ei stadfesting av praktiseringa dei siste åra som at fondet berre nyttast til tilskot, ikkje til lån.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Endra reguleringsplan for del av Bamatomta - utlegging til offentlig ettersyn

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 10/30

---

Arkiv: L12

**Sak nr.:** Utval  
18/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**I samsvar med §12-10 og 11 i Plan- og bygningslova vert privat framlegg til reguleringsplan av 10.02.10 for del av Bamatomta sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn.**

#### DOKUMENT:

- Privat framlegg til reguleringsplan av 10.02.10 med føresegner og kart (vedlagt).

#### SAKSUTGREIING:

På vegne av tiltakshavar Hermansverk Invest AS, fremjar Fasit privat reguleringsplan for BAMATOMTA i Hagane på Hermansverk.

Planen erstattar tidlegare reguleringsplan, godkjend 01.02.07 for utbygging av bustader i andre høgda.

Planen legg i tillegg opp til bygging av bustader i fyrste høgda, leikeplass, veg, parkeringsplassar og næringsverksemd. Formannskapet har tidlegare vore på synfaring på tomte og lagt føringar for arbeidet ved å godkjenna oppstart av dei fire bustadene.

Det kom ikkje inn merknader i samband med varslinga av oppstarten av planarbeidet.

Planarbeidet er utført i nær kontakt med kommunen.

#### ***Rådmannen si vurdering:***

Rådmannen sluttar seg til planleggaren sine vurderingar.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Hatlebakkane 2-4 (gamle sjukeheimen) – sal for ombygging til bustader

---

Sakshandsamar: Ervin Johan Beheim  
Arkivsak nr.: 09/585

---

Arkiv: 614

**Sak nr.:** Utval  
19/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap vedtek at det vert starta forhandlingar med Ing. Arvid Thuland AS om sal av Leikanger gamle sjukeheim.**

**Frist for å inngå utbyggingsavtale vert sett til 12.april 2010.**

#### DOKUMENT:

- Tilbodsgrunnlag, avgrensa konkurranse om kjøp av eigendom
- Innkomne tilbod

#### SAKSUTGREIING:

Etter annonsering i Sogn Avis, Firda og Firdaposten i september 2009 melde det seg fleire interesserte kjøparar til Leikanger gamle sjukeheim.

Det vart vedteke å gå vidare med bustadprosjektet med utgangspunkt i eit felles tilbodsgrunnlag i ein avgrensa konkurranse.

Tilbodsgrunnlaget vart utsendt i desember 2009 med frist for levering 20.januar 2010.

Det kom inn to tilbod. Dei som leverte var Ing. Arvid Thuland AS og Arkitektkontoret Anders og Olav Vikøren AS.

Ing. Arvid Thuland AS har skissert eit prosjekt med 24 leilegheiter fordelt på to plan. Arkitektkontoret Anders og Olav Vikøren AS har skissert eit prosjekt med 10 leilegheiter på eitt plan.

I tilbodsgrunnlaget var det spesifisert kva kommunen ville leggja vekt på ved evaluering av dei innkomne tilboda.

Kommunen ynskjer å tildela kjøpsretten til den tilbydar som etter ei samla vurdering har gitt det økonomisk mest fordelaktige kjøpstilbodet. I denne vurderinga er følgjande tildelingskriterium nytta:

- Pris
- Kompetanse/gjennomføringsevne
- Gjennomføringsplan (herunder tidsplan)

Med dei innkomne tilboda som grunnlag er tilbydarane tildelt poeng etter dei spesifikasjonane som var gjort greie for om i tilbodsgrunnlaget.

Evalueringa er avslutta med resultatet i ein ekvivalent kjøpspris. Ekvivalent kjøpspris skal avspegla at høg total poengsum for tildelingskriteriar gir best resultat for kommunen i ein totalvurdering etter pris, kompetanse og gjennomføringskraft.

I den avsluttande evalueringa har Ing. Arvid Thuland høgast poengsum som òg ga høgast ekvivalent kjøpspris.

Rådmannen vurderar dette som eit godt grunnlag for vidare framdrift i sal av Leikanger gamle sjukeheim til bustader.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

**Bustadhus og garasje Lundevegen 52**  
**Kari-Beate Hov og Ronny Sanden**

---

Sakshandsamar: Ervin Johan Beheim  
Arkivsak nr.: 09/311

Arkiv: MTR 17/263

---

**Sak nr.:** Utval  
20/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

### TILRÅDING:

**Formannskapet gir løyve til oppføring av bustadhus og garasje i Lundevegen 52 etter reviderte tegningar.**  
**Formannskapet fastset at høgda på tunnivå vert senka til 1,5 meter lågare enn tilkoplingspunktet på den kommunale køyrevegen.**

### DOKUMENT:

- Vedtak i formannskapet, sak 90/09 og 106/09
- Brev frå Fylkesmann av 13.10.2009
- Reviderte tegningar vedlagt situasjonsplan og snitt gjennom tomt (vedlagt)
- Kopi av brev av 14.01.10 frå naboar til tiltakshavar (vedlagt)
- Klage av 29.01.10 frå nabo i Lundevegen 50 (vedlagt)
- Klage av 28.01.10 frå nabo i Lundevegen 48 (vedlagt)
- Klage av 29.01.10 frå eigarane av Lundevegen 46 (vedlagt).

### SAKSUTGREIING:

Den første søknaden har vore handsama i formannskapet i møte 09.06.09 sak 90/09 og i møte 03.09.09 sak 106/09.

Formannskapet var på synfaring i samband med handsaminga av søknaden i sak 90/09. Formannskapet gjorde då dette vedtaket:

*” Formannskapet gjev tiltakshavar K-B. Hov/ R. Sanden løyve til oppføring av bustadhus i 3 etasjar på tomta Lundevegen 52 i samsvar med reguleringsføresegnene for Lundene.*

*Huset må teiknast om slik at krava til gesimshøgde på 5,5 meter vert oppfylte. Teknisk kontor får fullmakt til å godkjenna dei nye teikningane. Garasjen vert berre gjeve løyve til oppført i ein etasje med plassering som omsøkt og med brannvegg mot naboen i vest.*

*Tilkomstvegen til huset frå køyrevegen i Lundene skal leggest med eit fall på min 1:10. Tunnivået vert såleis om lag 1 meter lågare enn tilkoplingspunktet på den kommunale køyrevegen.”*

Det vedtaket vart påklaga av naboane.

Formannskapet handsama klagene som sak 106/09 i møte 03.09.09 og gjorde dette vedtaket:

*” Formannskapet finn ikkje at dei to klagene inneheld nye moment i saka.  
Formannskapet held såleis fast på tidlegare vedtak i saka.”*

Klagene vart sendt til Fylkesmannen, som i brev av 13.10.09 kom til at klaga ikkje fører fram

Tiltakshavar har i reviderte teiningar oppfylt krava i reguleringsplan for Lundene.

Gesimshøgda er lågare enn 5,5 m og garasjen vil bli oppført i 1 etasje.

På snitt gjennom tomt er tunnivået vist 1 m lågare enn tilknytningspunktet på den kommunale køyrevegen.

Tiltakshavar har varsla naboane med dei revidert teiningane. Det er komme inn klager frå tre naboar, to av dei er direkte naboar, men den tredje har eigedom lenger nord i området.

Klagarane meiner framleis at bygget er for ruvande på tomta både i høgde og lengde.

***Rådmannen si vurdering:***

Dei revidert teiningane er i samsvar med føresegnene for området og tiltakshavar har av den grunn krav på å få desse godkjende. Når det gjeld høgdeplassinga på tomta, finn rådmannen at det ikkje er store ulemper med å senka tunnhøgda, noko som vil gi ei betre tilpassinga mellom bygg og terreng og til ein viss grad imøtekomme naboane sine ynskjer.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Søknad om konsesjon - Ruud

Sakshandsamar: Jens Øyrehagen  
Arkivsak nr.: 09/691

Arkiv: MTR 79/1,2

**Sak nr.:** Utval  
21/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

1. Formannskapet gjev Knut Skjerve konsesjon på overtaking av eigdommen Ruud, gnr. 79 bnr. 1 og 2.
2. Eit vilkår for konsesjon er at bygningane vert haldne vedlike og at kulturlandskapet vert halde ope og fritt for attgroing.  
Eit brot på dette vilkåret kan føre til at konsesjon vert trekt attende.

#### DOKUMENT:

- Søknad av 15.12.09 om konsesjon (vedlagt).
  - Takst
  - Kart (vedlagt)

#### SAKSUTGREIING:

##### Bakgrunn:

Knut Skjerve søker om konsesjon på å overta eigdommen Ruud, gnr. 79 bnr. 1 og 2. Tunet på eigdommen ligg om lag 270 moh. Arealet er totalt 1390 daa, av dette er om lag 700 daa produktiv skog. Innmarka på eigdommen er om lag 75 daa. Eigdommen har to bustadhus i dårleg stand. Dessutan høyrer det til eit eldhus, to stølshus og naust i middels stand. Taksten er sett til 350.000 kr.

Då søkjar ikkje vil flytta til eigdommen, søker han no om konsesjon på overtaking av eigdommen, jf. endra regelverk. Søkjar har bustadadresse på Voss. Han er utdanna agronom og har drive gard med mjølkeproduksjon i 30 år. Mor til søkjaren vaks opp på Ruud.

##### Lovgrunnlaget:

01.07.2009 vart det innført lovendringar som innber at det no må søkjast konsesjon på overtaking av eigdommen dersom ein ikkje vil eller kan busetje seg på eigedom der det er buplikt. Reglane om lovbestemt buplikt vart teke ut frå odelslova og er no gjeve i § 5 i konsesjonslova. Den lovbestemte buplikta oppstår når nokon med odelsrett eller nær slekt overtek ein eigedom med buplikt konsesjonsfritt. Buplikta er personleg. Ein bupliktig eigedom er ein eigedom der nokon av bygningane er eller har vore nytta som heilårsbustad og

eigedommen har meir enn 25 da fulldyrka og overflatedyrka jord eller meir enn 500 da produktiv skog.

§ 9 i konsesjonslova handlar om kva som skal vektleggjast ved handsaming av konsesjonsspørsmål på landbrukseigedommar. Når søkjar er nær slektning eller har odelsrett til eigedommen og ikkje skal oppfylle buplikta skal det leggjast vekt på:

- Om overtakar sitt føremål vil ivareta omsynet til busetjinga i området
- Om overtakinga innebær ei driftsmessig god løysing
- Om overtakinga ivaretek omsynet til heilskapeleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Det skal vidare leggjast vekt på eigedommen sin storleik, avkastningsevne og hustilhøve. Søkjar si tilknytning til eigedommen og søkjar sin livssituasjon kan tilleggjast vekt som korrigerande moment.

§ 11 i lova handlar om at konsesjon kan gjevast på slike vilkår som ein i kvart tilfelle finn påkreva av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

***Rådmannen si vurdering:***

Leikanger kommune bør ha ein restriktiv praksis i handsaming av søknader om varig fritak for buplikt. Det er i hovudsak eigedommar med svært vanskelege kommunikasjonstilhøve som bør få slikt fritak. I dette høve vil konsekvensen av ikkje å gje konsesjon vera at søkjar får valget mellom å flytte til eigedommen eller å selgje den til nokon som vil busetje seg der. På bakgrunn av manglande køyvegtilkomst og dårlege bustadhus vil rådmannen tilrå at det vert gitt konsesjon som omsøkt. Det viktigaste i denne saka, etter at eigedommen har vore utan fast busetnad over lengre tid, er at hindra meir forfall på bygningsmassen og attgroing av innmarka.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Lokal forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke  
Arkivsak nr.: 10/122

Arkiv: V33 &00

**Sak nr.:** Utval  
22/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**Formannskapet legg framlegg av 15.02.2010 til forskrift om frist for spreieing av gjødselvarer av organisk opphav i Leikanger kommune ut på høyring.**

#### DOKUMENT:

- Forskrift av 04.07.2003 om gjødselvarer av organisk opphav
- Forvaltningslova
- Framlegg av 15.02.2010 Forskrift om frist for spreieing av gjødsel av organisk opphav i Leikanger kommune (vedl.)

#### SAKSUTGREIING:

Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav regulerer spreiefrist for husdyrgjødsel og pressaft m.m.

I § 1 heiter det : ” *Formålet med denne forskriften er å sikre tilfredstillende kvalitet på produkter som omfattes av forskriften, forebygge forurensningsmessige, helsemessige og hygieniske ulemper ved tilvirkning, lagring og bruk av gjødselvarer, mv. av organisk opphav og legge til rette for at disse produkter kan utnyttes som resurss. Forskriften skal også bidra til en miljøforsvarlig forvaltning av jordsmonnet og ivareta hensynet til biologisk mangfold.*”

§2: ” *Forskriften omfatter gjødselvarer av organisk opphav, herunder husdyrgjødsel, silopressaft, avløpslam, vannverksslam, kompostprodukter og annen organisk gjødsel, organisk- mineralsk gjødsel, organiske og uorganiske dyrkingsmedier, jordforbedringsmidler, jorddekkingsmidler, anaerobt omsatt biomasse, forbrenningsprodukter, komposteringspreparater og vekststoffer med mikroorganismer mv. Folier, matter og liknende omfattes ikke av forskriften.*”

§ 23 : ”*Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikke tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.*”

*Spredning uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres senest innen 1. september, dersom ikke noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd. Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikke senere enn 1. oktober.*

§20 t : ” *Lager for husdyrgjødsel skal ha tilstrekkelig kapasitet slik at gjødsla kan lagres fram til spredning i den tillatte perioden. Lagret må i tillegg ha kapasitet til å oppbevare eventuell gjødsel som måtte ligge igjen i lageret etter siste utkjøring. Lagringskapasiteten skal være minimum 8 måneders produksjon.*”

Oppretting av lokal forskrift er regulert av Forvaltningslova. § 37: ” *Forvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes. Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriften skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale seg før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre. Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.*”

- ” *uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig.*”

#### **Lokale tilhøve:**

Leikanger kommune har gode klimatiske tilhøve. Landbruket har frå tid til anna trong for utvida spreiefrist. Det er ikkje problematisk i høve god agronomi eller med tanke på ureining og utvida spreiefristen i Leikanger.

Husdyrbruket i kommunen gjeld i hovudsak sau og i kombinasjon med frukt. Det er i liten grad storfehold. Det kan enkelte år vera trong for utviding av spreiefrist i samband med vertilhøve som fører til sein grashausting og påfølgjande utkjøring av husdyrgjødsla. Endra klimatiske tilhøve har vore med å utvide grasproduksjonssesongen slik at det er mogleg med hausting av 3 slåttar eventuelt beiting etter 1 – 2 slåttar.

Nabokommunane har vedteke lokale forskrifter for å regulera spreietidspunkt. Luster kommune har sett spreiefristen til 20. september, Sogndal til 20 september med moglegheit for dispensasjon fram til 1.oktober i særlege høve. Balestrand kommune har sett spreiefristen til 30.september.

#### **Rådmannen si vurdering:**

Leikanger kommune gjer framlegg om lokal forskrift om frist for spreieing av gjødsel av organisk opphav med spreiefrist 30. september. Forskrifta vert sendt til Leikanger Bondelag, Leikanger Bonde- og småbrukarlag, Naturvernforbundet m.fl. på høyring.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Driftsavtale mellom De Heibergske samlinger - Sogn Folkemuseum og Leikanger kommune 2010-2014

---

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe  
Arkivsak nr.: 04/677

---

Arkiv: 223 C56

**Sak nr.:** Utval  
23/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**Leikanger kommune godkjenner driftsavtalen med De Heiberske samlinger – Sogn Folkemuseum slik den ligg føre for perioden 2010 til 2014 med korrigering av Leikanger kommune sitt årlege tilskot i perioden til kr. 60.000.**

**Leikanger kommune vil kvart år vurdere storleiken på tilskotet til De Heiberske samlinger – Sogn Folkemuseum.**

#### DOKUMENT:

- Framlegg til driftsavtale (vedl)
- Skriv frå Sogn Regionråd dat. 14.12.2009.
- K-sak 72/04
- K-sak 21/00

#### SAKSUTGREIING:

Driftsavtalen er opphavleg frå 2000 mellom kommunane i Sogn Regionråd og De Heibergske samlinger – Sogn Folkemuseum. Driftsavtalen inneber årleg tilskot frå Leikanger kommune til De Heibergske samlinger – Sogn Folkemuseum.

Leikanger kommunestyre slutte seg til avtalen frå 2000 i K-sak 21/00.

Regionrådet og kommunane i regionrådet handsama driftsavtalen på ny i 2004, og med tillegg om at avtalen vart gjort permanent. Leikanger kommunestyre slutta seg til den nye avtalen frå 2004 i K-sak 72/04.

Frå 01.01.2009 vart drifta ved De Heibergske samlinger – Sogn Folkemuseum overteke av stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, som ei følgje av den nasjonale museumsreforma. Regionrådet ønskja med bakgrunn i denne driftsendringa å få utarbeidd ny driftsavtale, som tok med den nye driftsendringa. I denne nye driftsavtalen vart forpliktingane til kommunane i regionrådet ført vidare.

Regionrådet handsama ny driftsavtale med endringar i møte i des. 2009 og gjorde vedtak om at kommunane i regionrådet godkjenner driftsavtalen slik den ligg føre for perioden 2010 til 2014 med fordeling av tilskot etter avtalen. I følgje dette punktet skal Leikanger kommune yte eit årleg tilskot på kr. 68 378 frå 2010. Summen vert årleg justert med kommunal deflator p.t. 2010 på 3,1%.

Denne nye driftsavtalen er samordna gjennom Sogn regionråd, men slik at kvar kommune har eige ansvar for det årlege tilskotet til museet. Likevel på ein slik måte at kommunane ikkje har eit solidarisk ansvar for totalsummen som kjem fram i avtalen.

Leikanger kommune har frå og med 2004 løyvd årleg tilskot på kr. 50.000. Storleiken var ein del av vilkåret for at kommunen fornya avtalen i 2004, og gjort etter den økonomiske evna kommunen såg seg i stand til å yte til regionalt museumsforemål.

Kommunen har frå og med 2010 auka tilskotet sitt til kr. 60.000. Kvart år i samanheng med den kommunale budsjettprosessen vil kommunen vurdere storleiken på det årlege tilskotet til De Heibergske samlinger – Sogn Folkemuseum.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Søknad om tilskot til oppsetjing og vidareutvikling av Fridtjovspelet

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe  
Arkivsak nr.: 06/740

Arkiv: 223 C33

**Sak nr.:** Utval  
24/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap avslår søknaden frå stiftinga Fridtjov den frøkne om midlar. Prosjektet vert ikkje prioritert høgt nok til å motta tilskot.**

#### DOKUMENT:

- Søknad dat. 30.01.2010.
- Div. søknader og skriv 2004-2010

#### SAKSUTGREIING:

Stiftinga Fridtjov den Frøkne søker Leikanger kommune om tilskot til ny oppsetjing av Fridtjovspelet i 2010 og vidareutvikling av spelet.

Stiftinga ønskjer ny oppsetjing av Fridtjovspelet i august 2010 med bakgrunn i dei positive attendemeldingane oppføringa i 2008 gav. Stiftinga ønskjer å vidareutvikla friluftsspelkonseptet på ein måte som skaper glød og interesse i lokalsamfunnet. Søknadssummen er på kr. 25.000.

Fridtjovspelet vart fyrste gong sett opp på Vangsnes i 2008. Førebuingane hadde då gått føre seg sidan stiftinga vart oppretta i 2004. Leikanger kommune gjekk med i stiftinga med stiftingskapital på kr. 5.000.

Leikanger formannskap løyvde etter søknad kr. 15.000 til spelet i 2007. Leikanger kommunestyre og Leikanger formannskap avsla søknader om tilskot i 2006, 2007 og 2009.

Faktainformasjonen om spelet, attendemeldingane og ideane til vidareutvikling inneheld gode argument til å stø ny oppsetjing og vidareutviklinga av Fridtjovspelet. Leikanger kommune har avgrensa midlar til å kunne yte tilskot til slike prosjekt og tiltak, og må prioritere mellom prosjekt og tiltak som kommunen får søknad om. I ein slik samanheng fins det ikkje midlar til å prioritere søknaden frå stiftinga Fridtjov den frøkne. Søknaden frå stiftinga Fridtjov den frøkne om tilskot vert derfor avslegen.

Leikanger kommune har p.t. involvert seg i oppføring av eit spelstykke i 2010 (ungdomsmusikalen 'Fame').

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Orienteringar

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 10/126

---

Arkiv:

**Sak nr.:** Utval  
25/10 Formannskapet

**Møtedato**  
22.02.2010

### TEMA:

1. Søknad på e-post av 06.02.10 frå Saften AS om mellombels bruk av Scrødertomta på Hermansverk til parkering. Kommunen er eigar av tomte som i reguleringsplanen er avsett til friområde; park, leikeplass. Søknaden må handsamast som ein dispensasjon frå reguleringsplanen. Det er kommunestyret som kan gi dispensasjon. Det må sendast ut nabovarsel. Arealet er aktuelt å bruka som riggplass for entreprenør i samband med opparbeiding av sentrumsplassen. Rådmann tek sikte på å leggja søknaden fram for kommunestyret i møte 12.april.